



27 OKT 2006

Sek nr. 05/286

KOPI

Helse Stavanger HF
v/ direktøren
Postboks 8100
4068 Stavanger

DYKKAR REF:

VÅR REF.:
2006/4324

DATO:
23.10.2006

Tilsynsrapport frå tilsyn med habiliteringstenester til barn

Helsetilsynet i Rogaland viser til førebels rapport oversendt i brev av 22. september 2006 og kommentarar frå Kvinne-Barnklinikken, Barnehabilitering Østerlide i brev av 5. oktober 2006.

Den endelege rapporten frå tilsynet følgjer som vedlegg. På grunnlag av kommentarane frå Østerlide er det teke inn ei presisering innleiingsvis i samandraget og i andre punkt under avvik 1.

Ved tilsyn med verksemder er konklusjonane baserte på opplysningar innhenta frå fleire kjelder. Ved dette tilsynet er desse dei styrande dokumenta som vi fekk tilsendt på førehand, intervju med tilsette og gjennomgang av pasientjournalar.

Slik det vart orientert om ved tilsynet er formålet med tilsyn å få stadfesta at verksemder som yter helsetenester har styringssystem (internkontroll) som sikrar at krav i helselovgjevinga blir etterlevd. Når det innan dei områda som det enkelte tilsynet omfattar, ikkje vert avdekt forhold som er i strid med lovkrav eller som kan vere forbetningsområde, vert ikkje dette nærare omtalt i rapportane. Det vert skrive ein rapport for kvar verksemd. Det er og planlagt å skrive ein oppsummeringsrapport etter tilsyna som er gjennomførte i Rogaland, Sogn og Fjordane og Hordaland.

Ved tilsynet med Kvinne-Barneklirikken, Barnehabilitering Østerlide vart det påpeikt to avvik. Helsetilsynet i Rogaland ber om å motta ei skriftleg tilbakemelding innan 23. november 2006 om kva tiltak som vert sette i verk for å lukke avvika.


Slik det vart orientert om i sluttmøtet, vert alle rapportar frå tilsyn med verksemder sende til Statens helsetilsyn til orientering og for publisering på www.helsetilsynet.no. Rapportane vert og publiserte på www.fylkesmannen.no/rogaland.

Etter avtale får og Helse Vest RHF oversendt rapportar frå tilsyn med helseføretaka i denne regionen.


Helsetilsynet i Rogaland Norwegian Board of Health in Rogaland County	Pb 59 NO-4001 Stavanger Norway	Tel.: 51568700 Faks: 51568811 E-post/e-mail: helsetilsynet@fmro.no	Besøksadresse/Street address: Lagårdsv. 78 Org.nr.: 974 761 394
--	--------------------------------------	---	---

Vi ønskjer å takke for godt samarbeid i samband med planlegging og gjennomføring av dette tilsynet og ber om at dette vert formidla til alle som medverka ved tilsynet.

Med helsing



Ole Mathis Hetta
fylkeslege



Agnes Lea Tvedt
rådgiver/sykepleier

Vedlegg: Tilsynsrapport frå tilsyn med habiliteirngstenester til barn ved Helse Stavanger HF,
Kvinne- barneklirikken, avd. Barnehabilitering Østerlide

Kopi:

~~Helse Vest RHF~~
Statens helsetilsyn

Saksbehandlar: Agnes Lea Tvedt

Saksbehandlars telefon: 51 56 87 51